



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00
postmottak@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

VEDTEKTER FOR SANDE FRIVILLEGSENTRAL

1. Namn og visjon

- Frivillegsentralen sitt namn er: Sande frivillegsentral
- Visjonen vår er:
«Saman for å skape eit godt og inkluderande lokalsamfunn med god folkehelse og trivsel for alle»

2. Formål

- Frivillegsentralen skal vere ein lokal og open møteplass for alle som ønskjer å ta del i frivilleg arbeid i Sande Kommune.
- Frivillegsentralen skal ha fokus på brukarmedverknad.
- Sentralen skal i samhandling med lag og organisasjonar i kommunen auke aktivitetar som styrkar felleskapet i nærmiljøet - samt avhjelpe individuelle behov.
- Den frivillege innsatsen skal kome i tillegg til det samarbeidet som er i dag mellom kommunen og frivillege organisasjonar.
- Sentralen skal nyttiggjere seg noverande lokalitetar i dei ulike bygdene til ulike aktivitetar.

3. Eigar

- Sande kommune er eigar av Sande Frivillegsentral. Sande frivillegsentral vert p.t. knytt opp til Eining for Tenestekoordinering, og kontor vert lokalisert i Sande kommune sine lokaler.

4. Årsmøte

- Helse- og oppvekstutvalet er årsmøte for frivillegsentralen.
- Årsmøtet skal velje styret, godkjenne budsjett og rekneskap, samt føre kontroll med sentralen sin drift.
- Årsmøtet skal vere ein gong pr år. Ekstraordinært årsmøte kan krevjast av ein av eigarrepresentane eller av styret.

5. Styret

- Årsmøte vel styre for Sande frivillegsentral på fem personar: 2 representantar frå eigar og 3 representantar frå frivillege organisasjonar. Ein i styret bør vere brukarrepresentant.
- Styret er ansvarleg for drifta i tråd med vedtektene - og vert daglege leiar sin nærmaste overordna.
- Styret skal syte for at drifta er i samsvar med budsjett og at protokoll vert ført.



SANDE KOMMUNE

- Styreleiar skal ha jamnleg og god kontakt med dagleg leiar, og samarbeide med leiar av Eining for tenestekoordinering ved behov.
- Styret konstituerer seg sjølve.

6.Dagleg leiar

- Dagleg leiar vert tilsett gjennom kommunen sitt ordinære tilsettingsorgan.
- Dagleg leiar rapporterer til styret og har administrativt samarbeid gjennom leiar for Eining for tenestekoordinering.

7.Økonomi

- Sande Frivillegsentral skal i hovudsak finansierast gjennom kommunale midlar og tilskot frå staten.
- Budsjett og rekneskap vert ført i kommunen sitt rekneskap som eige prosjekt.

Vedtektene vedteke av Helse – og oppvekstutvalet i sak PS 31/21 den 29.09.2021.